



Camilla Bjerke  
Totland 2 B  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2235 - 19/7715

Saksbehandlar:  
Geir Rydland  
geir.rydland@lindas.kommune.no

Dato:  
06.03.2019

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet 18. februar 2019

Dato: Måndag 18. februar 2019  
Tid: 19.00-20.30  
Stad: Biblioteket på Ostereidet ungdomsskule

### Tilstades:

Camilla Bjerke (FAU), Kristine Hella Holsen (FAU), Nina Stabell Øvreås (Lindås kommune), Geir Rydland (Lindås kommune, rektor), Benjamin Ebbesen (Elevrådet), Lisbeth Borgen Solen (lærer), Solfrid Hindenes (andre tilsette)

### Forfall:

Marius Hindenes (FAU), Helen Stemland (Elevrådet), Amanda Hindenes (Elevrådet), Stian Sylta (lærer)

**Sak 1/2019 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Godkjent

**Sak 2/2019 Konstituering**  
Leiar: Camilla Bjerke  
Nestleiar: Benjamin Ebbesen  
Skrivar: Geir Rydland  
Kasserar: Lisbeth Borgen Solen

**Sak 3/2019 Val av representantar til Utearealsgruppa**  
Leiar: Camilla Bjerke  
Vararepresentant: Marius Hindenes

**Sak 4/2019 Informasjon om personalstoda 2019/2020**  
Rektor orienterte:



To lærarar og ein assistent går av med pensjon til sommaren. Det vil vera mogleg å erstatta den kompetansen som skulen mistar, ved hjelp av interne overføringar og/eller nyttilsetjingar. Noverande tilsette har også tatt vidareutdanning i nokre av dei faga der me mistar kompetanse. Rektor går over i anna stilling frå 15. mai. Rektorstillinga vert lyst ut i løpet av kort tid, og ny rektor er truleg på plass i løpet av mai. SU/SMU tok saka til orientering.

#### **Sak 5/2019 Justering av skule- og busstider**

Rektor orienterte:

På møte med barneskulen 5. feb. vart det avtalt at begge skulane melder inn ynskje om følgjande skuletider for neste skuleår: **08.30-14.30** (måndag 08.30-12.30). Bussane må då komma ca. 08.20 om morgonen, og ha avgang ca. 14.40 etter skuleslutt (12.40 på måndagar). Det kan då vera mogleg for ungdomsskulen å starta 08.25 og slutta 14.35/(12.35), dersom me ynskjer det. Om dette går i orden er uvisst. Skyss har sett frist til 1. mars for skular som vil endra på skuletidene, så me er relativt tidleg ute med å melda inn våre ynskje. Det er likevel ikkje sikkert at me får noko avklaring på dette med det fyrste. SU/SMU tok saka til orientering.

#### **Sak 6/2019 Informasjon om prøveprosjekt med felles skulemåltid/kantine**

Rektor orienterte:

Viser til tidlegare utsendt informasjon til FAU og Elevrådet (desember 2018), om prosjekt for felles skulemåltid og kantine (sjå vedlegg). Både FAU og Elevrådet har uttalt seg positivt om planane. Skulen planlegg no ein prøveperiode i tida 11. mars til 12. april. I denne perioden vil elevane kunna eta skulematen sin i klasserommet eller i kantina (biblioteket). Dei fleste skuledagane vil det ikkje vera servering av mat eller sal av mat i kantina. Hovudsaka no vert å sjå korleis eit slikt felles måltid kan gjennomførast. Dersom prøveperioden vert ein suksess, kan ein seinare vurdere ulike ordningar for matsservering og sal av mat. Biblioteket vil truleg også vera tilgjengeleg for elevane i dei andre friminutta, til bruk i samband med rolege pauseaktivitetar, slik som lesing og brettspel. I same periode planlegg me å prøva ut ei ordning der eit av grupperomma vert nytta som «spelerom», med fotballspel, airhockey og kanskje dataspel. Saka vart drøfta. SU/SMU stiller seg positive til tiltaket.

#### **Sak 7/2019 Elevundersøkinga**

Resultata frå årets elevundersøking vart presentert og gjennomgått. Det er i all hovudsak gode resultat, som viser høg trivsel og motivasjon, og lite mobbing. Elevane etterlyser meir variert undervisning. Dei ynskjer større variasjon i arbeidsmåtar, t.d. prosjektarbeid, gruppearbeid, fagdagar og temaveker. Dette er noko skulen må arbeida meir med.

#### **Sak 8/2019 Andre saker**

##### Teieplikt

Medlemmene i SU/SMU har teieplikt. På neste møte vert det meir informasjon om dette, og medlemmene må signera erklæring om teieplikt.

Med helsing  
Geir Rydland  
rektor Ostereidet ungdomsskule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**

NOTAT – Matpause – Kantine – Bibliotek  
Elevundersøkinga H2018 9. og 10. trinn

**Kopi til:**

Kristin Moe

**Mottakrar:**

Amanda Frøseth Hindenes	Svindalsvegen 40	5913	EIKANGERVÅG
Benjamin Johannes Ebbesen	Eidsnesvegen 95 A	5913	EIKANGERVÅG
Camilla Bjerke	Totland 2 B	5993	OSTEREIDET
Helene Stemland	Breivika 2	5993	OSTEREIDET
Kristine Hella Holsen	Stranda 166	5993	OSTEREIDET
Lisbeth Sophia Borgen Solen	Juvikstølen 36	5916	ISDALSTØ
Marius Hindenes	Hindenesvegen	5993	OSTEREIDET
	797		
Nina Stabell Øvreås	Stranda 718	5993	OSTEREIDET
Solfrid Marie Hindenes	Ørnnova 37	5993	OSTEREIDET
Stian Sylta	Trælandsvegen 34	5956	HUNDVIN